

## Saksprotokoll i hovudutval for næring - 24.06.2021

**Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål kring eiga habilitet, da ho sit i styret til BKK som er ein av mottakarane. Hovudutval for næring vedtok samrøystes at ho var inhabil til å delta i sakshandsaminga etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e nr 2. Ho tredde frå sakshandsaminga.

### Avrøysting

Det var 13 representantar til stades.

Fylkesdirektør innovasjon og næringsutvikling sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Det løyvast 350 000 kroner i tilskotsmidlar til Kople AS for utbygging av hurtigladeinfrastruktur på Bryggja i Stad kommune. Det løyvast midlar i medhald av søknad.

2. Det løyvast til saman 3 550 000 kroner i tilskotsmidlar til søkerane BKK elektrifisering, Plug, Kople, Briksdalsbreen fjellstove og Tesla for utbygging av til saman 30 hurtiglade stolpar på i alt 13 lade plassar. Lade plassane skal byggast ut i/på Stryn sentrum, Odda sentrum, Valestrand, Strynehallen, Nordfjordeid, Briksdalsbreen fjellstove, Sjøgata i Måløy, Olden sentrum, Lærdalsøyri, Våge hamn, Bruvik i Osterøy og Lavik. Av desse skal lade plassane i/på Valestrand, Måløy, Våge hamn og Bruvik på Osterøy byggast ut for sambruk mellom bil og båt.

<i>Lokalitet</i>	<i>Sum tilskot</i>	<i>Tal ladestolpar</i>	<i>Mottakar</i>
<i>Bunnpris Bryggja</i>	kr 350 000	2	Kople*
<i>Stryn</i>	kr 400 000	4	Tesla
<i>Odda</i>	kr 120 000	1	BKK
<i>Valestrand</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Stryn II/Strynehallen</i>	kr 320 000	2	BKK
<i>Nordfjordeid</i>	kr 320 000	2	BKK
<i>Briksdalsbre Fjellstove</i>	kr 175 000	1	Briksdalsbre fjellstove
<i>Måløy - Sjøgata</i>	kr 350 000	2	Kople
<i>Olden</i>	kr 280 000	2	BKK
<i>Lærdalsøyri</i>	kr 480 000	3	BKK
<i>Våge Hamn</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Bruvik</i>	kr 425 000	3	Plug
<i>Lavik</i>	kr 230 000	2	BKK

3. Budsjettramma for ordninga gjer at mange gode søknadar ikkje får innvilga løyving. Administrasjonen har fullmakt til å løyve midlar til dei høgast rangerte av desse søknadene om nokon prosjekt faller frå eller ved eventuell justering av budsjettramma t.d. eventuelle statleg tilskot.